

NotatDato: 25.09.2018
Arkivsak: 2017/465-31
Saksbehandlar: jannor

Til: Ingrid Kristine Holm Svendsen

Frå: Sølve Sondbø

Notat om Opo flaumkraftverk og flaumlukealternativet

I høve flaumsikring av Odda har Hordaland fylkeskommune i 2018 hatt to saker til politisk handsaming, begge høyringsfråsegner til NVE:

1. Konesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Opo flaumkraftverk i Odda kommune. Høyringsfråsegn. (KIRU 23.01.18 og FUV 01.02.18)
2. Flaumlukeløysing og generell flaumsikring av Opo i Odda kommune. Høyringsfråsegn. (KIRU 24.05.18 og FUV 31.05.18)

I tillegg har det vore oppe sak i FUV 21.06.18 der Hordaland fylkeskommune seier frå seg forkjøpsretten til flaumkraftverket.

1. Konesjonssøknad for Opo flaumkraftverk**1.1. Samandrag av saksutgreiinga**

Stortinget vedtok i 2016 å opna for konesjonshandsaming av planar om kombinert utbygging av flaumtunnel og vasskraftverk i nedre del av Opovassdraget.

NVE har motteke søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) med planar om kombinert flaumtunnel og kraftverk i Opo. Tiltaket er planlagd med inntak i Sandvinvatnet og utløp i Sørfjorden, og vil kombinera flaumsikring med kraftproduksjon. Høyringsfrist er 20.02.18.

Tiltaket er dimensjonert for å sikra bustadhus rundt Sandvinvatnet mot ein 200-årsflaum inklusiv 40 % klimapåslag, og saman med NVE si pågåande flaumsikring av Opo, sikrar tiltaket Odda sentrum mot ein 1000-årsflaum inklusiv det same klimapåslaget. Flaumkraftverket gjev ein årleg produksjon på 170 GWh, og har ein utbyggingskostnad på 600 mill. kroner.

Konsekvensane for ålmenne interesser er først og fremst knytte til flaumsikring og landskap, men òg fisk. Tiltaket vil sikra Odda sentrum mot ein 1000-årsflaum og bustadhus rundt Sandvinvatnet mot ein 200-årsflaum. Her vil fylkesrådmannen nemna at NVE etter 200-årsflaumen i 2014 gjennomfører viktige flaumdempande tiltak i Opo gjennom Odda sentrum som vil sikra byen mot ein ny 200-årsflaum. Når det gjeld Sandvinvatnet og busetnaden på Sandvin og Hildal, har NVE under utgreiing to separate flaumsikringstiltak som bør sjåast i samanheng med søknaden frå SKL då dei kan føra til at det ikkje blir naudsynt å byggja Opo flaumkraftverk. Ei slik totalvurdering har fylkesrådmannen ikkje høve til å gjera då

søknaden frå SKL kjem før NVE sine eigne utgreiingar er lagt fram. Dette svekkjer grunnlaget for ei kunnskapsbasert tilråding. Fylkesrådmannen vil difor rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk før NVE har vurdert tiltaket opp mot dei flaumdempande tiltaka som NVE vurderer i Sandvinvatnet og Oddadalen. Slik fylkesrådmannen ser det, bør dessutan flaumsikring i Oddadalen isolert sett ha like høg prioritet som flaumsikring i Odda sentrum. I seg sjølv er likevel Opo flaumkraftverk eit godt klimatilpassingstiltak.

Når det gjeld landskap, meiner fylkesrådmannen konfliktnivået i Odda sentrum er høgt. Byen Odda ligg i eit landskapsrom dominert av bratte fjellsider og eksponerte fossar og elver. Opo er ein del av dette landskapsrommet. Elva går i store stryk og er eit godt synleg og hørleg element i byen. Ikkje berre for lokalbefolkninga, men òg for friluftsliv og reiseliv generelt må elva betraktast som ein attraksjon med høg opplevingsverdi midt i industristaden. Med tilfredsstillande flaumdemping er det dessutan grunn til å tru at dei som har negative kjensler knytte til elva, vil føla seg tryggare.

Fylkesrådmannen meiner Opo gjennom Odda sentrum både er eksponert og har stor verdi for heilskapen i landskapet. I samsvar med retningsline 3.2 i småkraftplanen vil difor fylkesrådmannen stilla krav om minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien i sommarmånadene, dvs. f.o.m. mai t.o.m. september. Fylkesrådmannen vil i den samanhengen støtta seg på KU-en sitt forslag om 40 m³/s på dagtid om sommaren.

I følgje småkraftplanen «bør ein ikkje gje løyve til bygging av kraftverk på lakseførande strekning» (R6.2). «For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein ikkje gje løyve til vesentlege vasstandsreduksjonar» (R6.3). Om det likevel blir gitt løyve til kraftverket, vil fylkesrådmannen krevja avbøtande tiltak med fisketrapp forbi Eidesfossen, leiemekansimar og tilpassa minstevassføring. Det vil òg betra opplevinga av fritidsfiske, som utan avbøtande tiltak vil bli negativt råka.

Tiltakshavar ønskjer ikkje lågare minstevassføring slik KUen og fylkesrådmannen gjer framlegg om av di det ikkje er «økonomi til å sleppa meir enn føreslege minstevassføring» (s. 88 i søknaden).

Fylkesrådmannen meiner flaumsikringstiltak som i Opo i utgangspunktet bør vera eit offentleg ansvar. Både flaumsikringa i Opo gjennom Odda sentrum og tilsvarende flaumsikringsprosjekt andre stader i landet, har vore finansiert av staten. For Opo flaumkraftverk kan ein difor tenkja seg ei ordning der staten går inn med eit flaumsikringsbidrag som sikrar økonomien i kraftverket, ikkje minst av di kraftverket vil få ein betydeleg årsproduksjon av fornybar kraft. Fylkesrådmannen vil difor be NVE vurdere slikt bidrag.

Økonomi: Ingen effekt.

Klima: Fornybar kraft har positiv effekt på klimaet.

Folkehelse: Flaumdempande tiltak som er trygggleiksskapande.

Regional planstrategi: Ei klima- og miljøvenleg utvikling.

1.2. Fylkesrådmannen si innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk før NVE har vurdert tiltaket opp mot dei flaumdempande tiltaka som NVE greier ut i Sandvinvatnet og Oddadalen.
2. Av omsyn til landskapsopplevinga av Opo rår Hordaland fylkeskommune til monaleg auke i minstevassføringa i månadene mai til og med september slik at vassføringa blir minst 40 m³/s på dagtid.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekansimar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året.
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle

kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..

6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomsten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.

1.3. Protokoll frå KIRU

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesrådmannen sine pkt. 1 og 2 blir erstatta med følgjande nye pkt:

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE leggje til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.»

Røysting

Håland sitt forslag til nytt pkt. 1 og 2 vart samrøystes vedteke mot rådmannen sitt forslag som fall. Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 til 10 vart elles samrøystes vedteke slik det låg føre.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE leggje til grunn det vassføringsregimet som er føreslege i søknaden.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda

kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomsten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av vasskvaliteten.

1.4. Protokoll frå FUV

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

- a. Hordaland fylkeskommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Opo vasskraftverk grunna omsynet til biologisk mangfald og naturverdiar.
- b. Hordaland fylkeskommune vil be NVE og Regjeringa om statlege flaumsikringsbidrag for å sikre flaumsette område rundt Opo-elva.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

Alternativ:

1. «Hordaland fylkeskommune rår til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk før NVE har vurdert tiltaket opp mot dei flaumdempande tiltaka som NVE greier ut i Sandvinvatnet og Oddadalen.
2. Av omsyn til landskapsopplevinga av Opo rår Hordaland fylkeskommune til monaleg auke i minstevassføringa i månadene mai til og med september slik at vassføringa blir minst 40 m³/s på dagtid.
3. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere statleg flaumsikringsbidrag for å sikra drifta av Opo flaumkraftverk.
4. Av omsyn til anadrom fisk skal det etablerast fisketrapp forbi Eidesfossen og dessutan leiemekanismar. Vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta den fiskefaglege vurderinga frå UNI til å setja rett minstevassføring gjennom året.
5. Under opparbeiding av området må ein søkja å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar, stiar, bakkemurar, tufter m.m..
6. Tiltaket utløyser meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekte under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.
7. Utifrå vassforskrifta skal tiltaket i utgangspunktet ikkje endra kvaliteten på vassførekomsten.
8. Sandvinvatnet må undersøkast for vasskvalitet før ein set i gang tiltaket. Konsekvens av utfylling for campingplass må vurderast nøye.
9. Ein må unngå at ein får flytting av sediment på sjøbotnen der flaumtunnelen kjem ut.
10. Det må takast vassprøvar i Opo før og etter tiltaket for å ha overvaking av forandring av

vasskvaliteten.»

Roald Kvamme, A, sette fram slikt forslag:

- (a) «Endring siste setning punkt 4: Ein må nytta dei fiskefaglege vurderingane som er omtala i konsesjonssøknaden som grunnlag til å setja rett minstevassføring.
- (b) Nytt punkt: Flaumsikring må vera ei prioritert statleg oppgåve og løyvingane til dette arbeidet bør aukast.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Kvamme sitt forslag (a) fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V, Frp, H) og vart vedteke.

Innstillinga med Kvamme sitt forslag (a) vart vedteke mot 2 røyster (MDG, SV).

Kvamme sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

2. Flaumlukealternativet

2.1. Samandrag av saksutgreiinga

NVE har send rapport frå Multiconsult om flaumluke i Sandvinvatnet på høyring. Nye tilleggsutgreiingar frå SKL til søknaden om Opo flaumkraftverk er ein del av høyringa.

Fylkesutvalet vedtok 01.02.18 å rå til konsesjon for Opo flaumkraftverk. NVE og Multiconsult sin rapport om flaumlukealternativet var då under utarbeiding og konklusjonen ukjent for politikarane. I motsetnad til kommunestyrevedtaket i Odda blei det i vedtakspunkta til Hordaland fylkeskommune ikkje lagt inn føringar for ny vurdering av flaumkraftverket når rapporten om flaumlukealternativet vart klar.

I Odda kommune sitt vedtak heiter det i pkt. 10: «Kommunestyret forutsetter at rapport vedrørende flomluker som NVE nå utarbeider, blir lagt ut for høring, og at Odda kommune gis nødvendig tid til å behandle denne.» Tilsvarende formulering finn vi hos Fylkesmannen i Hordaland: «Fylkesmannen vil gi tilleggsuttale i saka når rapport om andre tiltak vert lagt fram i løpet av våren.»

Sjølv om Hordaland fylkeskommune ikkje har knytt tilsvarende vilkår til vedtaket sitt, finn fylkesrådmannen det naturleg å vurdera flaumlukealternativet opp mot flaumkraftverket. Det legg også NVE opp til i høyringsbrevet sitt.

Hovudargumentet som Hordaland fylkeskommune framfører i vedtaket om Opo flaumkraftverk 01.012.18, er liv og helse:

Fylkeskommunen vurderer at den flaumdempande effekten i Storelva, frå Sandvin og oppover til Hildal, er eit betydeleg argument for å gi konsesjon til bygging av flaumkraftverket. Tryggleik for hus, heim, liv og helse må vektleggast tyngst når NVE tek stilling til søknaden.

Fylkesrådmannen vil peika på at ein gjennom flaumlukealternativet tilnæringsvis vil oppnå den same flaumdempande effekten i Storelva som med flaumkraftverket. Under føresetnad av gode driftsrutinar, vil begge tiltaka sikra Sandvinvatnet og nedste del av Storelva mot ein 200-årsflaum.

Når det gjel flaumsikring av Opo ned mot Odda sentrum, kjem likevel flaumkraftverket best ut. Iflg. søknaden vil SKL sin flaumtunnel kombinert ned sikringstiltaka som er gjort i Opo, sikra Opo mot ein 1000-årsflaum, medan NVE si flaumluke kombinert med dei same sikringstiltaka, vil sikra mot minst ein 500-årsflaum; begge alternativa med klimapåslag på 40 %. Opo flaumkraftverk vil i tillegg produsera rein fornybar kraft med ein årsproduksjon på 170 GWh.

I høve landskap, friluftsliv og reiseliv kjem flaumlakealternativet klart best ut. Med denne løysinga vil Opo ha naturleg vassføring nær sagt heile året og soleis i mykje større grad ta vare på dei verdiane som er knytte til eksponerte elvestrekningar i fjordlandskap av «stor verdi», jfr. småkraftplanen. Ei gjennomsnittleg vassføring på 30 % av dagens vassføring, slik ho vil bli med SKL sin søknad om flaumkraftverk, er i så måte konfliktfylt.

Noko av den same vurderinga gjeld verneverdiane slik dei er formulerte i verneplanen for Opovassdraget. Flaumlakealternativet vil i større grad vera i samsvar med vernegrunnlaget slik det vert presentert av NVE, særleg av di Opo med stort sett naturleg vassføring vil stå fram som eit viktig landskapselement ned gjennom Odda til fjorden.

Med dei avbøtande tiltaka som SKL gjer framlegg om (fisketrapp med tilpassa vassføring og leiemekanismar), vurderer fylkesrådmannen flaumkraftveket å ha små negative konsekvensar for fisk. I vedtaket til fylkesutvalet 01.02.18 heiter det dessutan at «vassføringa i Opo må tilpassast vandringsmønsteret til fisken og skal bidra til positiv oppleving av fiske. Ein må nytta dei fiskefaglege vurderingane som er omtala i konsesjonssøknaden som grunnlag til å setja rett minstevassføring.» Fylkesrådmannen vil likevel peika på at det etter føringane i småkraftplanen ikkje er normalt å gje løyve til bygging av kraftverk på anadrom strekning. Alternativet med flaumlake og stort sett naturleg vassføring i Opo er difor i større grad i samsvar med fylkeskommunen sin retningslinjer for kraftutbygging og sannsynlegvis mindre konfliktskapande for elva, i alle fall som storlakselv.

Når det gjeld reaktivering av botnsediment, syner tilleggsutgreiinga frå SKL at det er liten fare sjølv ved full drift av kraftverket. I ein ekstrem situasjon med 500 m³/s kan det likevel bli ein reaktivering dei første metrane utanfor utlaupet av flaumtunnelen. Om dette alternativet får konsesjon, føreset fylkesrådmannen at det vert krav om førebyggjande tiltak. Det er ikkje gjort tilsvarande konsekvensvurderingar for flaumluka, men det er grunn til å tru 0-alternativet med flaumlake vil føra til liknande problemstillingar der Opo renn ut i Sørfjorden. Fylkesrådmannen har difor ikkje grunnlag for å seia at det eine alternativet er betre enn det andre.

Opo flaumkraftverk er kostnadsrekna til 600 mill. kroner, medan flaumluka har ein prislapp på mellom 80 og 115 mill. kroner. I eit kost/nytte-perspektiv med klimapåslag vil investeringane i flaumlake høgst sannsynleg løna seg. Med eit NVE-budsjett for 2018 på 250 mill. kroner til skred- og flaumsikring i heile landet er det likevel mykje som tyder på at flaumluka må finansierast gjennom ekstraløyving i regjeringa eller Stortinget.

Økonomi: Hordaland fylkeskommune har med frist 11.07.18 forkjepsrett til fallrettane i Opo.

Klima: Flaumkraftverket vil få ein årsproduksjon på 170 GWh rein fornybar kraft.

Folkehelse: Flaumdempende tiltak er tryggleiksskapande.

Regional planstrategi: Ei klima- og miljøvenleg utvikling.

2.2. Fylkesrådmannen si innstilling

- 1 Hordaland fylkeskommune syner til vedtak 01.02.18 der fylkesutvalet rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Hovudargumentet er liv og helse med særleg vekt på Sandvinvatnet og Storelva.
- 2 Hordaland fylkeskommune vurderer det slik at i Opo står flaumkraftverket fram som eit noko betre flaumsikringstiltak enn flaumlakealternativet. I Sandvinvatnet og Storelva er det liten skilnad.
- 3 Hordaland fylkeskommune bed NVE leggja stor vekt på tryggleik når ein vurderer flaumkraftverk og flaumlake i høve til kvarandre.
- 4 Flaumkraftverk eller flaumlake er naudsynte flaumsikringstiltak som heilt eller delvis bør finansierast over statsbudsjettet. Hordaland fylkeskommune bed OED auka midlane til flaumsikring.

2.3. Protokoll frå KIRU

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag:

«I forslag til vedtak sløyfes punkt 1-3 og erstattes med nytt punkt 1 og 2 slik:

1. Hordaland fylkeskommune viser til sitt tidligere vedtak av 01.02.18 i saken. Etter den foreliggende utredning vedrørende en flomlukeløsning, er saken kommet i et nytt lys. Hordaland fylkeskommune mener at flomluke som alternativ til kraftverk i større grad er i samsvar med fylkeskommunens retningslinjer for kraftutbygging og sannsynligvis mindre konfliktskapende for elva.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at flomlukeløsningen også er det alternativet som samlet best kombinerer de ulike hensyn til liv ,helse, landskap, friluftsliv og reiseliv.

Nåværende punkt 4 blir nytt punkt 3.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (V) for Andersland sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune syner til vedtak 01.02.18 der fylkesutvalet rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Hovudargumentet er liv og helse med særleg vekt på Sandvinvatnet og Storelva.
2. Hordaland fylkeskommune vurderer det slik at i Opo står flaumkraftverket fram som eit noko betre flaumsikringstiltak enn flaumlukealternativet. I Sandvinvatnet og Storelva er det liten skilnad.
3. Hordaland fylkeskommune bed NVE leggja stor vekt på tryggleik når ein vurderer flaumkraftverk og flaumluke i høve til kvarandre.
4. Flaumkraftverk eller flaumluke er naudsynte flaumsikringstiltak som heilt eller delvis bør finansierast over statsbudsjettet. Hordaland fylkeskommune bed OED auka midlane til flaumsikring.

2.4. Protokoll frå fylkesutvalet

Sigbjørn Framnes, Frp, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i Sunnhordland Kraftlag AS. Framnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Sigbjørn Framnes var inhabil etter forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Sigbjørn Framnes gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Anne-Beth Njærheim, V, sette på vegner av V og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ:

I forslag til vedtak sløyfes punkt 1-3 og erstattes med nytt punkt 1 og 2 slik:

1. Hordaland fylkeskommune viser til sitt tidligere vedtak av 01.02.18 i saken. Etter den foreliggende utredning vedrørende en flomlukeløsning, er saken kommet i et nytt lys. Hordaland fylkeskommune mener at flomluke som alternativ til kraftverk i større grad er i samsvar med fylkeskommunens retningslinjer for kraftutbygging og sannsynligvis mindre konfliktskapende for elva.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at flomlukeløsningen også er det alternativet som samlet best kombinerer de ulike hensyn til liv, helse, landskap, friluftsliv og reiseliv.

Nåværende punkt 4 blir nytt punkt 3.»

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet går etter ei heilskapsvurdering primært inn for varig flaumsikring av heile Opo-vassdraget utan kraftverk.
2. Fylkesutvalet ser det som sær s viktig å ivareta Opo-vassdraget sine unike estetiske kvalitetar og tilhøvet for den unike laksestamma.
3. Fylkesutvalet ber regjeringa og Stortinget om å få på plass naudsynte ekstraløyvingar til flaumsikring i det verna Opo-vassdraget via NVE i komande statsbudsjett.»

Røysting

Njærheim sitt forslag fekk 4 røyster (V/MDG/SV/KrF) og fall.

Oen sitt forslag fekk 4 røyster (V/MDG/SV/KrF) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 4 røyster (V/MDG/SV/KrF).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune syner til vedtak 01.02.18 der fylkesutvalet rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Hovudargumentet er liv og helse med særleg vekt på Sandvinvatnet og Storelva.
2. Hordaland fylkeskommune vurderer det slik at i Opo står flaumkraftverket fram som eit noko betre flaumsikringstiltak enn flaumlukealternativet. I Sandvinvatnet og Storelva er det liten skilnad.
3. Hordaland fylkeskommune bed NVE leggja stor vekt på tryggleik når ein vurderer flaumkraftverk og flaumluke i høve til kvarandre.
4. Flaumkraftverk eller flaumluke er naudsynte flaumsikringstiltak som heilt eller delvis bør finansierast over statsbudsjettet. Hordaland fylkeskommune bed OED auka midlane til flaumsikring.

3. NVE si innstilling til OED om Opo flaumkraftverk

I brev av 14.08.08 rår NVE frå å gje konsesjon til Opo flaumkraftverk:

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) har søkt om å bygge kombinert kraftverk og flomtunell i Opo i Odda. Opovassdraget er et vernet vassdrag, og Stortinget har åpnet for konsesjonsbehandling av denne konkrete saken. Prosjektet er planlagt å gi flomsikring av Sandvin og Odda, og produksjon av inntil 170 GWh ikke-regulerbar kraft i året. Etter utbygging vil det i hovedsak gå minstevannføring i Opo, med overløp i enkelte flomperioder.

NVE mener at bygging av Opo flomkraftverk vil få betydelige negative konsekvenser for landskapsopplevelsen av Opo i Odda, som vil gi ringvirkninger for blant annet rekreasjon og fiske. En utbygging vil være negativ for fisk i Opo, særlig muligheten for å reetablere storlaksbestanden. En utbygging vil kunne gi en betydelig kraftproduksjon og økt flomsikkerhet for et begrenset antall bygninger oppstrøms Odda. NVE har allerede sikret Opo gjennom Odda i tråd med gjeldende standard for flomsikring ellers i landet. For Odda by vil utbyggingen gi økt flomsikkerhet kun ved svært sjeldne flommer.

Etter NVEs mening vil ikke fordelene veie opp for de forventede negative effektene. NVE mener derfor at vassdragsreguleringsloven § 5 jf § 35 nr 8 i vannressursloven ikke er oppfylt. NVE fraråder at det gis konsesjon til Opo flomkraftverk.

OED avgjer saka.

4. Hordaland fylkeskommune, lokaldemokratiet og høyringsinstansane

Både flaumkraftverket og flaumluka har vore grundig debattert i KIRU og FUV. Utgangspunktet for fleirtalet sitt ønskje om å gje konsesjon til flaumkraftverket, har vore liv og helse. Dette omsynet meiner NVE i stor grad er teke i vare gjennom det omfattande sikringsarbeidet som er gjort i Opo gjennom Odda etter flaumkatastrofen i 2014. NVE rår difor OED til å ikkje gje konsesjon til flaumkraftverket.

Det politiske fleirtalet i Hordaland fylkeskommune har dessutan meint at det er viktig å ta omsyn til lokaldemokratiet. Då saka om flaumkraftverket var oppe i KIRU 23.01.18 og FUV 01.02.18, fremja difor Arbeidarpartiet forslag til vedtak som bygde på rådmannen i Odda si innstilling om å tilrå utbygging av flaumkraftverket. Forslaget vart samrøystes vedtekel, medan fylkesrådmannen sit forslag om å ikkje gje konsesjon før NVE var ferdig med å vurdere andre flaumdempande tiltak, blei nedstemt. Her er det grunn til å nemna at rådmannen i Odda si innstilling var ukjent for fylkesrådmannen trass i purring dagen før møtet i KIRU, men altså kjent for politikarar i KIRU då møtet starta dagen etter.

Odda kommunestyre gjorde formelt vedtak 14.02.18 om å tilrå konsesjon. Vedtaket blei gjort med 20 mot 7 røyster.

Då saka om flaumluka som alternativ til flaumkraftverket kom til handsaming i kommunestyret i Odda 16.05.18, var det framleis fleirtal, men redusert til 15 mot 12, for kraftverket. Flaumlukaalternativet blei dermed forkasta, men både Høgre og Arbeidarpartiet var splitta. Medan ordføraren frå Arbeidarpartiet røysta med fleirtalet for utbygging, var stemmegjevinga slik blant mindretalet: 3 frå Arbeidarpartiet, 2 frå Høgre, 3 frå Venstre, 2 frå Raudt, 1 frå KrF og 1 frå Demokratane.

KIRU og FUV hadde som nemnd flaumlukesaka oppe til handsaming 24.05. og 31.05., dvs. etter kommunestyret i Odda. Stemmegjevinga i FUV speglar til ein viss grad det som blei resultatet i Odda. Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Senterpartiet røysta for flaumkraftverket, men utan splitting; Venstre, KrF, SV og MDG for flaumlukaalternativet.

Etter avgjerda i NVE om ikkje å rå til flaumkraftverket, skriv ordføraren i Odda dette i ei pressemelding, attgjeve i NTB og BT 15.08.18:

«Odda kommune tar anbefalingen fra NVE til etterretning, ifølge ordfører Roald Aga Haug.
- Kommunen er opptatt av at staten tar tilstrekkelig ansvar for flomsikring av Opovassdraget. Vi er glad for at alternativene nå har fått en grundig vurdering etter vanlig standard».

Klima- og naturressursseksjonen har vore til stades på to folkemøte i Odda der motstanden mot flaumkraftverket har vore svært stor. Interessegruppa for flaumsikring av Opo utan kraftverk» hadde iflg. BT 17.03.18 samla inn meir enn 800 underskrifter. Det er likevel grunn til å tru at styrketilhøvet mellom motstandarar og tilhengjarar er meir balansert.

Mellom dei høyringsinstansane som har vore positive til flaumkraftverket og skeptiske til flaumluka, er:

- Odda kommune
- Hordaland fylkeskommune
- SKL (Sunnhordland Kraftlag) (tiltakshavar)
- Arbeidsgruppa for flomsikring av Oddadalen
- Nedre Oddadalen Elveigarlag

Mellom dei høyringsinstansane som har vore negative til flaumkraftverket og positive til flaumluka, er:

- Fylkesmannen i Hordaland
- LO Indre Hardanger

- Odda Kjemiske Arbeiderforening
- Elektrokjemiske Arbeiderforening og TiZir Titanium & Iron AS
- Hardanger Hotel
- Forum for natur og friluftsliv
- Naturvernforbundet
- Bergen og Hordaland Turlag og Odda/Ullensvang Turlag
- Norges Miljøvernforbund
- Funksjonshemmedes fellesorganisasjon Odda/Ullensvang
- Interessegruppa for flomsikring av Opovassdraget uten kraftverk
- Odda Jakt- og Fiskelag
- Norske Lakseelver/Reddvillaksen.no
- Norges Jeger- og Fiskerforbund
- Sabima
- Erreflot-Storekleiv-Hetlaflot Velforening

